

# Folkemøte kommuneplanen sin arealdel

## Referat

<b>Møtedato:</b>	<b>02.02.2023</b>	<b>Møtestad:</b>	Vevring skule
<b>Til stades:</b>	<b>35 pers</b>		

<b>Møteleiar:</b>	<b>Terje Heggheim</b>
-------------------	-----------------------

**Ordførar Jenny Følling** ønskte velkomen. Ho sa det er viktig å få på plass ein arealplan for heile kommunen. I dag er det ulike planar og litt utfordrande med ulike reglar. Fyrste generasjon arealplan. Det har vore eit stort engasjement med mange innspel til planoppstarten. Dette er fyrste samla plan for Sunnfjord kommune – ikkje tid til å vurdere alle forhold. Kjem ein 2. gen. plan ved rullering i neste kommunestyreperiode.

### **Kommunedirektør Terje Heggheim (TH)**

Ønskte og velkomen.

Heggheim peika på spørsmålet: Kva skal vi bruke arealet til – som eit sentralt spørsmål ved denne planen. Viktig å få Innspel – og få retta feil.

### **Ole Erik Thingnes – leiar Vevring grendalag**

Orientering om Liv og lyst, om prosessar som har vore, om nært føreståande idémyldring for oppfølging, og om storsamling 9. og 10.02.22.

Laget er aktivt, om covid har bremsa noko. Grendalaget har vore sentrale ved prosessar som ligg bak arbeidet med områderegulering i sentrale Vevring, og ønskjer følgje opp utvikling av område både innanfor og utanfor plangrensa for den planen.

Stilte spørsmål om avsetting av areal i reguleringsplan gjer det vanskelegare å realisere noko utanfor, om det er aktuelt?

## **Kommuneplanen sin arealdel**

### **Odd Harry Strømsli, einingsleiar areal og byggesak**

Gjennomgang av plansystem

Planstrategi og samfunnsdel slått saman – utforma arealstrategi i 12 pkt. Utarbeidd strategisk kart med sentrale område for utvikling.

Arealdel skal legge til rette for ynskt utvikling i kommunen. Viktig med felles reglar i heile kommunen.

For Vevring er planframlegget sett uendra frå kommundeplan som gjeld i dag.

Strømsli viste innspel frå AMR

### **Spørsmål Helge Leif Nordvik:**

Molo på Gryta? – knytt til vising på kart.

Avklart ved zoom på området.

### **Spørsmål Ola Dag Thingnes:**

Detaljar i Vevring? – knytt til vising på kart.

Avklart ved zoom på området.

## **Bolk 2 Områderegulering Vevring sentrum**

**Arne Kringlen - Norconsult**

Orientering om planområde og konsept – områderegulering Vevring

Plan – for å kunne bygge. Intensjon at ein skal kunne gå rett til byggesøknad ved til tak innanfor planområdet.

Kringlen orienterte om undersøkingar og resultat.

- Nye kulturminnelokalitetar – og utviding av andre
- Grunnforhold, kvikkleire mm.? Endeleg rapport ikkje klar.
- Miljø – registrert ålegras i vika innanfor butikken.
- Naturfare – rapport om fare knytt til elva ikkje klarlagt.

### **Spørsmål Ole Erik Thingnes:**

Når plan opnar for tiltak i regulert område – blir det då vanskelegare å få ting til på utsida av området?

**Svar frå Strømsli:** Viktig å gje innspel til aktuelle ting ved kpa- prosess.

### **Oppsummering og avslutning ved Jenny Følling**

Takkar for oppmøte og engasjement.

Grendelaget eit viktig kontaktpunkt for Sunnfjord kommune.

Det er viktig med innspel ved høyring av kommuneplan, og ved områderegulering når den høyringa kjem.

Takk for i kveld.